

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Førde kommune

Utval: Kontrollutval - Førde kommune
Møtedato: 20.6.2014
Møtetid: 08:00 **Merk tidspunktet**
Stad: Møterom Anga
Møtenr.: 5/2014

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet.
Forfall frå Mariann Njosen: Kåre Myklebust vert difor kalla inn som vara.
Personalsjef Jan Birger Moe (sak 28 kl 9.00)

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlemar
(Varamedlemar møter berre etter nærmare innkalling).

Dersom du ikkje kan møte, gje melding på e-postadresse: post@sekom.no eller tlf. 975 81 418.

SAKLISTE

25/14 Godkjenning av innkalling og sakliste
26/14 Skriv og meldingar
27/14 Forvaltningsrevisjon: Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid – rapport
(utsett frå førre møte)
28/14 Kor tilgjengeleg er kontrollutvalet
29/14 Forvaltningsrevisjon: Tinging av nytt prosjekt
30/14 Oppfølgingsliste 5 – 2014
31/14 Eventuelt

Førde, 13.6.2014.

Anne Lise Bekjorden(s)
(Leiar)


Arnar Helgheim
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefonnummer	Org.nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 Førde	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57 61 27 84 975 81 418	Audhild Ragni Vie Alme 57 61 27 85 971 70 064	987 631 554 3705.08.32571

25/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Førde	20.5.14	25/14	Ja

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

26/14 SKRIV OG MELDINGAR

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Førde	20.6.14	26/14	Ja

Vedlegg:

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Presentasjonar frå Forum for kontroll og tilsyn sin konferanse i Haugesund 3. og 4. juni. Sjå www.fkt.no .

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

**27/14 FORVALTNINGSREVISJON: INNKJØPSAVTALAR OG
INNKJØPSSAMARBEID – RAPPORT**
Utsett frå førre møte

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Førde	20.6.14	27/14	Nei
Bystyret i Førde			Ja

Vedlegg:

Kryss Revisjon, 2.4.14: Rapport frå forvaltningsrevisjonsprosjekt (vart sendt ut til møte 7.5.14)

Andre dokument (ikkje lagt ved):

KUsak 02/10, 09/10 og 19/11

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Kontrollutvalet viser til revisjonsrapporten «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune deltek i» datert 2.4.14. Kontrollutvalet sender rapporten over til bystyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak:

Bystyret tek rapporten til orientering med følgjande merknader til hovudavsnitta i rapporten:

1. Organisering av innkjøpsfunksjonen

Bystyret merkar seg konklusjon på side 8 i rapporten. Ved desentralisert innkjøpsmynde er det viktig å redusere risiko for feil ved god opplæring og oppfølging av alle som har innkjøpsmynde. Det bør vere tydeleg plassert kven i organisasjonen som har ansvar for opplæring og oppfølging av innkjøpsansvarlege.

2. Reglement og rutiner

Bystyret tolkar rapporten slik at det i hovudsak er gode og tydelege reglement og rutiner. Bystyret merkar seg tilrådinga på side 10 i rapporten om endringar og tillegg til reglement og rutiner.

3. Etterleving av felles innkjøpsavtalar

Bystyret merkar seg konklusjon og tilråding på side 14 i rapporten. Det må sikrast at alle som har innkjøpsmynde også har god kjennskap til innkjøpsavtalene. Bystyret merkar seg rådmannen sine merknader til rapporten og innføring av elektronisk handel vil vere eit tiltak for å sikre etterleving av innkjøpsavtalar.

4. Oppfølging

Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølging av funna i rapporten, arbeidet med eigenkontroll og innføring av elektronisk handel innan 1.4.15.

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing:

Rapporten var utsendt og presentert på førre møte i kontrollutvalet (7.5.14). I møtet vart det drøfta formulering av vedtak som tilråding til bystyret. Mellom anna vart det i drøftinga vist til tidlegare saker om forvaltningsrevisjon som «mal» for innhald i vedtak.

På bakgrunn av drøftinga i møte 7.5.14 og tidlegare vedtak, har SEKOM-sekretariat laga ei ny tilråding i saka. I denne, har vi lagt opp til å kommentere hovudavsnitta i rapporten. I tillegg, rår sekretariatet til å ha eit punkt om oppfølging i kontrollutvalet si tilråding til bystyret.

Vi viser også til RSK 001 (Standard for forvaltningsrevisjon). Nedanfor er klipp frå side 97 i Kontrollutvalsboka med oppsummering av krav til revisor. Under fase «Tilrådingar» er det mellom anna presisert at revisor ikkje skal gje pålegg til administrasjon og vere varsam med tilråding i form av detaljerte løysingar. Kontrollutvalet har ei friare rolle men bør kjenne til râmene for revisor sitt arbeid ved utforming av sitt vedtak.

Fase	Beskrivelse
Bestilling	Revisor må innrette seg etter bestillinga frå kontrollutvalet, og skal vurdere om bestillinga er muleg å gjennomføre. Revisor skal også vurdere om han er uavhengig og har tilstrekkeleg kompetanse.
Prosjektplan	Det skal utarbeidast ein skriftleg prosjektplan til kvart prosjekt, der det blir gjort greie for problemstillinga(ne) i prosjektet, revisjonskriterium, metodebruk, framdriftsplan og ressursbruk.
Oppstart	Ved oppstart av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det sendast eit oppstartsbrev til administrasjonssjefen. Det blir også anbefalt å halde eit oppstartsmøte.
Revisjonskriterium	Det skal etablerast revisjonskriterium for forvaltningsrevisjonsprosjektet. Desse skal vere grunngeve i og utleia av autoritative kjelder innanfor det reviderte området, til dømes rettsreglar, politiske vedtak, administrative retningslinjer eller etablert teori.
Datainnsamling	Etter standarden må revisor hente inn data i eit tilstrekkeleg omfang for å gjere vurderingar og svare på problemstillingane. Data kan hentast inn til dømes ved hjelp av intervju, spørjeskjema, observasjon, dokumentanalyse, statistiske analysar eller rekneskapsanalyse. Data som er samla inn ved hjelp av intervju skal som hovudregel verifiserast.
Vurderingar	Standarden stiller krav til at revisor gjer vurderingar ved å analysere dei innsamla data i høve til revisjonskriteria. Revisor vurderer om praksis eller tilstand er i tråd med kriteria.
Tilrådingar	Der det blir konkludert med at det har skjedd avvik eller er forbettringsmulegheiter, skal revisor gje tilrådingar. Tilrådingane må aldri formulerast som pålegg til administrasjonen, og revisor skal vere varsom med å gje tilrådingar i form av detaljerte løysingar.
Høyring	Administrasjonssjefen skal få høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei forholda som går fram av rapporten.
Rapport	Når det er gjennomført ein forvaltningsrevisjon skal det skrivast ein rapport. Rapporten skal vise samanhengen mellom problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar. Kommentaraner til administrasjonssjefen skal gå fram av rapporten.
Kvalitetssikring	Utføring av forvaltningsrevisjon skal kvalitetssikrast. Kvalitetssikringa skal sikre fagleg og metodisk kvalitet, og at det er konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.
Dokumentasjon	Forvaltningsrevisjonen skal dokumenterast på ein måte som er tilstrekkeleg for å gje ei totalforståing av utføringa av prosjektet. Omstende som gjeld mislege handlingar eller feil skal dokumenterast særskilt. Dokumentasjonen skal oppbevarast i 10 år.

Vedtak i tidlegare saker om rapportar frå forvaltningsrevisjon:

Sak 02/10: Bemanning og ressursbruk innan pleie og omsorg

Kontrollutvalet gir SEKOM –sekretariat i oppgåve å lage ei tilråding som kommenterer alle dei tre problemsillingane i rapporten og dei funn som er gjort før oversending av rapporten til bystyret.

Tilrådinga vil verte handsama på neste møte i kontrollutvalet.

Sak 09/10: Bemanning og ressursbruk innan pleie og omsorg

Kontrollutvalet viser til revisjonsrapporten ”Bemanning og ressursbruk innan pleie og omsorg” frå KRYSS-revisjon, datert 04.12.2009 og til forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Kontrollutvalet sender rapporten over til bystyret for handsaming, med følgjande tilråding om vedtak:

Bystyret tek rapporten til orientering, med følgjande merknader til kvar av dei tre problemstillingane i rapporten:

1. Bystyret merkar seg slutninga om at Førde kommune ut frå KOSTRA-tal har ein effektiv tenesteproduksjon. Bystyret merkar seg vidare indikasjonane i rapporten under kapitla 7.2.2, 7.2.3 og 7.2.4.
2. Bystyret tolkar rapporten slik at lover og reglar i arbeidsmiljølova og andre retningsliner/ lover i stor grad synest å bli følgde. Bystyret merkar seg likevel avvika som er konstaterte og ber om at tilrådingane om arkivsystem, vidareutvikling av malar og presisjon med underskrifter og arkivering vert følgde opp i den grad det enno ikkje er gjort.
3. Bystyret merkar seg funna i rapporten av avvik frå økonomihandboka og avvikshandtering når det gjeld rapportering av rekneskapstal. Bystyret merkar seg vidare rådmannen sitt tilsvaret til funna. Bystyret ber om at tilrådingane om gjennomgang av rutineverket knytt til rapportering, kompetansekartlegging og intern gjennomgang av rapporteringsreglane vert følgde opp i den grad det enno ikkje er gjort.

Sak 19/11 Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL BYSTYRET:

Kontrollutvalet viser til revisjonsrapporten "Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren" frå KRYSS-revisjon, datert 27.05.2011 og til forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Kontrollutvalet sender rapporten over til bystyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak:

Bystyret tek rapporten til orientering, med følgjande merknader til kvar av dei fire problemstillingane i rapporten:

1. Bystyret merkar seg konklusjonen om at dei nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i VA samsvarar med dei tilrådingar og normer som er lagt til grunn i H-2140 "Retningsliner for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester".
2. Bystyret merkar seg konklusjonen om at bruk og avsetning til sjølvkostfond er konsistent med reglane for sjølvkosttenester, at Førde kommune har gjort dei naudsynte omklassifiseringar på balanserte fond og at sjølvkostfonda pr. i dag gjev eit korrekt bilete på den økonomiske status på sjølvkosttenestene.
3. Bystyret merkar seg at det ikkje er vedteke egne tariffar eller gebyrsatsar for einskildpersonar eller grupper i Førde kommune, men at det er høve til å gje gebyrreduksjon etter søknad med vising til relevant lov og forskrift for området.
4. Bystyret ber administrasjonen om å komplimentere rutinehandboka med rutinar som fangar opp framgangsmåte ved uføresette driftsproblem i innkrevjinga.

Bystyret ber administrasjonen om å vurdere om det er trong for å ytterlegare tydeleggjere føresetnadene for inngåing av betalingsavtalar i rutinehandboka.

Tilråding, handsaming og utgreiing til møte i kontrollutvalet 7.5.14:
Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

1. Rapport frå forvaltningsrevisjon «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde er delaktig i» vert teken til orientering.
2. Rådmannen orienterer kontrollutvalet om arbeidet med eigenkontroll og elektronisk handel før komande årsskifte.

Kontrollutvalet si handsaming:

Forvaltningsrevisor Charles Litsheim gjekk gjennom rapporten.

Assisterande rådmann Lise Mari Haugen orienterte om administrasjonen sitt arbeid og funna i rapporten.

Innhaldet og formulering av vedtak i kontrollutvalet vart drøfta.

Terje Engvik viste til mal for vedtak jf sakene 02/10 og 19/11.

Framlegg frå Anne Lise Bekjorden:
Saka vert utsett til neste møte.

Framlegget frå Anne Lise Bekjorden vart samrøystes vedteke.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saka vert utsett til neste møte.

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet valde "Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i" som revisjonsprosjekt i møte den 31.1.2013. Prosjektplan frå Kryss revisjon vart handsama i møte den 13.3.2013. Den vedlagde rapporten av 2.4.2014, gjer greie for framgangsmåte og funn som Kryss revisjon har gjort.

Samandraget innleiingsvis i rapporten syner til at funna ikkje er like i dei ulike einingane. Helsetunet syner god etterleving av avtaler medan skulane og barnehagane ikkje har like god oppfølging

Rapporten viser at Førde kommune har oppretta controllerstilling. Kommunen har eit fokus på innkjøp som risikoområde. Førde er også i gang med prosjekt for e-handel. Det kan vere naturleg at kontrollutvalet får ei orientering om desse elementa i løpet av hausten 2014.

28/14 KOR TILGJENGELEGE ER KONTROLLUTVALET

SEKOM-sekretariat

Sakshandsamar: Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Førde	20.6.14	28/14	Nei

Vedlegg:

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing:

Denne saka gjekk ut frå tidlegare møte og vert sett opp på nytt no. Personalsjef Jan Birger Moe er invitert til å møte kl 9.00 – 9.30 for drøfting.

I møte i kontrollutvalet 30.01.2014 i sak 07/14 Eventuelt, vart det gjort følgjande vedtak:
På neste møte i kontrollutvalet vert det teke opp sak om kor tilgjengeleg kontrollutvalet er.

29/14 FORVALTNINGSREVISJON: TINGING AV NYTT PROSJEKT

SEKOM-sekretariat

Sakshandsamar: Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Førde	20.6.14	29/14	Ja

Vedlegg:

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Plan for forvaltningsrevisjon

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Korrekt handsaming av din sak.

1. Forvaltningsrevisjonen vert avgrensa til tekniske tenester
2. Vurder handsaming i høve forvaltningslova og offentleglova
3. I kva grad handsaminga er i tråd med gjeldande regeleverk

Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på møte den 8. september 2014. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2014.

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing:

Førre prosjekt innan forvaltningsrevisjon (innkjøpsområdet) er no levert frå Kryss revisjon. Utvalet bør difor velje neste prosjekt for forvaltningsrevisjon. Prioritering frå plan for forvaltningsrevisjon:

BY-068/12 Vedtak:

Bystyre godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Førde kommune for perioden 2012 – 2015.

Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:

- Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i samt peike på event. sektorar som manglar system for samordna innkjøp/anbud
- Korrekt handsaming av din sak
- Vedlikehald av kommunal eigedom
- Budsjettprosess/fordeling av ressursar

Bystyre gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden

Frå overordna anaylse:

**Korrekt handsaming
av din sak ?**

*Kontrollere eit utval av saker (evt. henvendelsar utanfrå) med omsyn til om formalitetsbestem-
melsane blir følgde (svar innan rimeleg, tid,
sakshandsaming, lovanvendelse, osv.)*

*Bidra til å sikre ei korrekt
sakshandsaming for den einskilde
innbyggjar.*

Måloppnåing

Som det går fram av bystyret sitt vedtak, har kontrollutvalet fullmakt både ti å endre prioritering og til å legge til nye prosjekt. Dersom utvalet vel å følge prioriteringa ovanfor, er dt «Korrekt handsaming av din sak» som står for tur som prosjekt.

SEKOM-sekretariat si tilråding er at dette prosjektet vert valt. I overordna analyse som er bakgrunn for prioriterte prosjekt, er omtalen «kontrollere eit utval saker..». Kontroll av alle typar av saker innan alle deler av organisasjonen, vert eit svært omfattande og uoversiktleg forvaltningsrevisjonsprosjekt. Sekretariatet meiner difor at kontrollutvalet i samband med tinging av prosjekt også bør gjere ei mest mogeleg utvetydig avgrensing.

Sekretariatet har hatt eit førebuande møte med forvaltningsrevisorane i KRYSS revisjon for å drøfte problemstillingar og avgrensingar i prosjektet.

Aktuelle problemstillingar / avgrensingar:

1. Forvaltningsrevisjonen vert avgrensa til tekniske tenester
2. Handsaming i høve forvaltningslova og offentleglova
3. I kva grad skjer handsaminga i tråd med gjeldande regeleverk?

Sekretariatet reknar med at forvaltningsrevisor deltek på møte i kontrollutvalet 8.9. slik at ein kan drøfte framlegg til prosjektplan og sikre felles forståing av prosjektet.

Dersom utvalet kjem fram til tydelege problemstillingar og avgrensingar, reknar sekretariatet med at tinginga kan gå til revisor direkte frå dette møtet. Alternativt, kan utvalet be om meir kunnskap ved at sekretariatet (i samarbeid med revisor), kjem med ytterlegare utgreiingar om prosjektet. I så fall, vert endeleg tinging først på neste møte i kontrollutvalet.

30/14 OPPFØLGINGSLISTE 5-2014 FØRDE

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Førde	20.6.14	30/14	Ja

Vedlegg:

Oppfølgingsliste 5 – 2014 - Førde

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Oppfølgingslista vert teken til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Oppfølgingsliste 5-2014 - Førde.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Førde kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport. Saker frå førre møte som ikkje skal følgjast opp vert ikkje ført opp på lista.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.11.09		10.11.09 Vedtak KU – Setje i verk tiltak 12.11.09 s/ brev til administrasjonen. -Informasjon frå administrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor. -Kvalitetsrapportar frå revisor.
011/13 Prosjektplan – Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i.»	13.03.13		13.03.13 Vedtak i KU: Prosjektplan – Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i.» vert godkjent.
12/14 Kor tilgjengelege er kontrollutvalet.	05.03.14		Vedtak: Kontrollutvalet ser servicetorget som viktig i forhold til informasjon om kontrollutvalet si verksemd. Kontrollutvalet ber difor leiar av servicetorget Jan Birger Moe komme på neste møte for å informere. 05.03.2014 sendt til Førde kommune/rådmannen
17/14 Årsrekneskapen 2013 – Førde kommune	08.04.14		Vedtak: Sjå vedlagde fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2013 for Førde kommune, datert 08.04.2014. 08.04.2014 Sendt Førde kommune/bystyret. 24.04.2014: Vedteke av bystyret.
19/14 Eventuelt.	08.04.14		Vedtak: Kontrollutvalet viser til §§ 9 og 13 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, og ynskjer å sette fokus på korleis kontrollutvalet føl opp pliktene sine i forhold til selskapskontroll og forvaltningsrevisjon.
21/14 Skriv og meldingar	07.05.14		SM 11/14: Oppfølging av selskapskontroll vert lagt på oppfølgingslista for seinare avklaring.
*) Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid Forvaltningsrevisjon	31.01.13 13.03.13 22.04.14		31.01.13 (04/13) Vedtak i KU 31.01.13 Tinging sendt til KRYSS-revisjon. 13.03.13 (11/13) Prosjektplan vart godkjent. 22.04.14 (22/14) Rapport vart lagt fram. Innhaldet og formulering av vedtak i kontrollutvalet vart drøfta. Saka vart utsett til neste møte. Sjå sakene 02/10 og 19/11 for vedtak i tidlegare saker

Oppdatert 13.6.14 – Arnar Helgheim

*) Merknad:

Dei 3 sakene om forvaltningsrevisjon om innkjøpsavtalar er samla som ei oppføring med kort tilvising til dei tidlegare sakene.

31/14 EVENTUELT

<i>SEKOM-sekretariat</i>	
Sakshandsamar:	Arnar Helgheim

Utal	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Førde	20.6.14	31/14	Ja

Vedlegg:

Andre dokument (ikkje lagt ved):

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Kontrollutvalet si handsaming:

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK: